



Lars Olav Bondhus
Bondhus 41 B

5476 Mauranger

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	990 83 943	2024/4309-10		01.07.2026

Tilbakemelding på førespurnad og melding om tiltak - Bondhusdalen

Visar til brev motteke 05.05.2026 om ulike tiltak i Bondhusdalen. Kommunen har gjennomgått informasjonen tverrfagleg og svarer i det følgjande ut etter beste evne for spørsmåla stilt i brevet.

Tiltak 1: Skiltgjenkjenningsskamera (ANPR – scanning) langs den kommunale vegen

Det vert opplyst i brevet at det er sett opp kamera og parkeringsavgift utan at det er nabovarsla. Vidare vert det stilt spørsmål knytt til privat overvaking av kommunal veg. Det vert stilt spørsmål til om det er gjeve graveløyve for arbeidet som er utført i samband med tiltaket.

I telefonsamtale 5.mai 2026 opplyste representant for veg og park at skiltgjenkjenningsskamera var avklara med jurist i kommunen.

Avslutningsvis til punkt 1 vert det vist til søknad om å nytta parkeringsareal på 60/1 til anna formål, dette vert svara ut med eige brev i sak 2026/3754.

Tilbakemelding: Kommunen stadfestar at skiltgjenkjenningsskamera er del av løysing for betaling av parkeringsavgift og dette har vore aktivt sidan 5.mai. Det har vore dialog med Grunneigarlaget som er ansvarleg for drift av området og Kvinnherad kommune som avtalepart. Behandling av personopplysningar vert utført av Youpark, som er behandlingsansvarleg for systemet. Det er krav til at data vert handsama i tråd med GDPR.

Installering av skiltgjenkjenningsskamera og tilhøyrande informasjonsskilt er ikkje vurdert som eit søknadspliktig tiltak av kommunen, då det er naturleg tilhøyrande parkeringsføremålet og reguleringsplanen.

I telefonsamtale 25.06.2026 opplyst du at plasseringa på kommunal veggrunn ikkje er lovleg etter dialog med parkeringsselskapet. Kommunen har i driftsavtalen med Grunneigarlaget presisert at veg inngår som del av avtalen og vurderar difor plasseringa som lovleg.

Tiltak 2: Kamera montert på toalettbygg

Det vert i brevet opplyst at det sidan august 2022 har vore eit kamera på taket til toalettbygget som filmar eigedomar og personar. Det vert etterlyst nabovarsel.

Tilbakemelding: Dette er eit oversiktskamera som gjer direkte visning utan opptak eller lagring. Det vert ikkje tele vare på video eller lagra opplysningar knytt til dette kameraet. Kommunen vurderer dette som del av drifta av området, når det er retta mot parkering med tilhøyrande vegparti.

Tiltak 3: Handteringsplass for buss

Det vert i brevet vist til at det i vedtak om handteringsplass for buss er lagt til grunn at tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarleg føretak. Det vert stilt spørsmål til manglande dokumentert ansvarsrett for utførande entreprenør, plan for massehandtering og bruk av massane. Brevet opplyst òg at murearbeid ved den kommunale plassen ikkje er nabovarsla.

Tilbakemelding: I delegert vedtak 2025/1 datert 02.01.2025 JP 6 i sak 2024/4309 vart det gjeve mellombels dispensasjon og løyve til tiltak. Vedtaket vart gjort med heimel i plan og bygningslova § 20-4 som er heimel for tiltak som kan utførast av tiltakshavar sjølv. Når det i malen for vedtaket står *Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak*, så er det meint at tiltakshavar (søkjær her) er den ansvarlege. Dette kunne komme klarare fram av grunnlaget, men forklarar kvifor det ikkje er dokumentert ansvarsrettar slik som i sakar med ansvarleg føretak (plan og bygningslova § 20-3).

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.